

Vi saknar annonsørane våre!

(Heldigvis er mange kommunar med oss)

I DESSE DAGAR SKULLE det ha vore liv og røre i butikkane, på kulturscenane, idrettsarrangementa og mange andre stader der folk til vanleg er saman. Slik er det jo ikkje no, og teikn på unntakstilstandane ser du også her i avisa: Naturleg nok har vi færre annonsar frå butikkane, serviceverksemdar, kulturfolk og alle andre som til vanleg er fulle av initiativ. Hugs éin ting: Vi i lokalavisene saknar dykk! Det er vi heilt sikre på at også alle andre i lokalmiljøet gjer.

For oss i lokalavisene inneber stengde dører og mindre aktivitet at vi mistar store annonseinntekter. Landslaget for lokalaviser (LLA) sine undersøkingar dei siste vekene fortel om svært mange aviser som har mista mellom 50 og 90 prosent av annonseinntektene. Ein del lokalaviser har tapt over 90 prosent av inntektene! Akkurat slik som mange andre bedrifter i lokalmiljøet opplever.

Til alt hell er det lysglimt. Nokre annonsørar er på veg attende. I tillegg har mange kommunar i Norge oppdaga at det er lurt å bruke lokalavisenes annonseplass for å informere om viktige saker i desse korona-tidene. Akkurat som lokalavisenes faste annonsørar veit, har nok mange kommunedirektørar, rådmenn og ordførarar oppdaga at lokalavisa er ein

truverdig, nær og kjær mediekanal der annonsane blir lagt merke til. Folk les jo ei stor mengd ord og bokstavar i avisene, akkurat som du gjer her og no. Folk får faktisk med seg det som står i annonsane.

Når kommunane informerer innbyggjarane gjennom annonsar i vår, bidrar kommunane samstundes til å ha ei oppegående lokalavis også til hausten. Vi tør påstå at fellesskapet har stor glede og nytte av det.

Tusen takk til deg som kjøper og les lokalavisa. Og tusen takk til annonsørane våre, både offentlege og private. Vi er glade for alle som kan bruka oss alt i dag – og vi ser fram til å ønskje også alle andre annonsørar velkomen attende.

La oss i mellomtida ta godt vare på kvarandre.

